

**Ansvarleg sakshandsamar sign. for utført handling:
Saka er godkjend av fylkesrådmannen:**

Dokumentoversyn:
Tal prenta vedlegg: *
Tal uprenta vedlegg: *

Møteplan i Vestlandsrådet 2012

::: Sett inn innstillingen under denne linja ↓

Fylkesrådmannen rår Vestlandsrådet til å gjere slikt vedtak:

Møteplan for 2011 vert slik:

- 16. februar i Sogn og Fjordane
- 9. og 10. mai i Hordaland - fellesmøte med fylkesutvala
- 19. og 20. september i Møre og Romsdal
- 5. desember i Rogaland

::: Sett inn innstillingen over denne linja ↑

... Sett inn saksutredningen under denne linja ↓
Prenta vedlegg:

Uprenta vedlegg:

Saksframstilling

I tråd med samarbeidsavtalen, er det det lagt opp til at Vestlandsrådet skal ha tre ordinære møte i året. I tillegg møtes Vestlandsrådet og dei fire fylkesutvala ein gong i året.

I samarbeidsavtalen er det elles lagt opp til følgjande møtestruktur:

- 2 eindagssmøte
- 1 to-dagsmøte
- I tillegg vert det lagt opp til eit felles møte over to dagar mellom Vestlandsrådet og fylkesutvala i samband med handsaming av årsrapporten og plan for arbeidet påfølgande år.

Som grunnlag for val av møtedatoar, har vi teke utgangspunkt i fylkeskommunane sine datoar for møte i fylkesting og fylkesutval. Det er òg teke omsyn til særskilde møte det einskilde fylkesting har med t.d. stortingsbenk, fellesmøte med hovudutval, politikardagar, osv. Vi har så langt det er mogeleg òg teke omsyn til møtedatoar for hovudutvala, men her er det ikkje mogeleg å unngå møtekollisjonar. Desse vil likevel vere svært få, og vi trur vi har fått til ein best mogeleg møteplan for alle fylkeskommunane.

Det har elles tidlegare vore uttrykt ønskje om å legge møte tett opp mot statsbudsjettet (det vil seie kort tid etter framlegging) og å unngå møte i desember. Når det gjeld oktober månad, er det nokså fullt opp møter i fylkesting og fylkesutval. Vi rår derfor til at ein felles strategi opp statsbudsjettet vert i første omgang ivareteke av AU (dei fire fylkesordførarane). Vi har litt av den same utfordringa når det gjeld siste halvdel av november. Derfor rår vi til eit dagsmøte tidleg i desember slik at medlemmene kan reise fram og attende på dagen.

Vi har for 2012 valt å legge fellesmøte med fylkesutvala til mai i motsetnad til februar, slik vi vanlegvis har gjort det (unnataket var likevel 2011, der fellesmøtet vart gjennomført i juni). Grunnen er at vi legg opp til ein prosess med å utarbeide ein ny plattform for Vestlandsrådet, sjå eiga sak om dette. Det andre to-dagars møte er lagt til september. I praksis er det slik at ein startar på ettermiddagen og avsluttar neste ettermiddag. Det gir følgjande framlegg til møtedatoar for 2012:

- 16. februar i Sogn og Fjordane
- 9. og 10. mai i Hordaland - fellesmøte med fylkesutvala
- 19. og 20. september i Møre og Romsdal
- 5. desember i Rogaland

Når det gjeld møte i AU, vil AU kome attende med ein oversikt over desse møta seinare.

[... Sett inn saksutredningen over denne linja ↑](#)